

## KART OG PLAN

Grunnlagt / Founded 1908  
Bind / Volume 69  
Årgang / Annual 102  
2009

**Vitenskapelig tidsskrift:**  
Geomatikk – Karttekniske fag – Geodesi  
Kartografi – Fotogrammetri – Hydrografi – GIS  
Eiendomsinformasjon – Jordskifte – Eiendomsfag  
Arealjuss – Arealplanlegging

**Stettes av:**  
Vegdirektoratet og Miljøverndepartementet

**Utgever:**  
Fagbokforlaget, Bergen  
Internett: [www.fagbokforlaget.no](http://www.fagbokforlaget.no)

**Eier:**  
Norges Jordskiftekanndatforening  
faglig gruppe av Tekna.  
Internett: [www.njfk.no](http://www.njfk.no)

**Samarbeidsutvalg:**  
NJKF/Tekna og GeoForum

**Redaksjonsråd:**  
Leiv Bjarte Mjøs, leder, Helge Onsrud, Anton S. Bachke,  
Eva Irene FALLETH, Jan Terje Bjørke

**Ansvarlig redaktør:**  
Inge Revhaug  
Institutt for matematiske realfag og teknologi  
Postboks 5003, 1432 Ås  
Telefon: 64965472 Mobil: 92635961  
E-post: [inge.revhaug@umb.no](mailto:inge.revhaug@umb.no)

**Fagredaktør geomatikk:**  
Geir Harald Strand, Ås, Norge  
E-post: [Geir.Harald.Strand@skogoglandskap.no](mailto:Geir.Harald.Strand@skogoglandskap.no)

**Fagredaktør eiendomsfag:**  
Solfriid Mykland, Bergen, Norge  
E-post: [Solfriid.Mykland@nhh.no](mailto:Solfriid.Mykland@nhh.no)

**Fagredaktør eiendomsøkonomi:**  
Solve Bærug, Ås, Norge  
E-post: [solve.baerug@umb.no](mailto:solve.baerug@umb.no)

**Fagredaktør arealplanlegging:**  
August E. Røsnes, Ås, Norge.  
E-post: [august.rosnes@umb.no](mailto:august.rosnes@umb.no)

**Engelskspråklig konsulent:**  
Faye Benedict, Ås, Norway. E-post: [faye.benedict@umb.no](mailto:faye.benedict@umb.no)

**Informasjon for forfattere:**  
Se Internettside: [http://www.njfk.no/Tidsskrift/kart\\_plan.htm](http://www.njfk.no/Tidsskrift/kart_plan.htm)  
Velg: Forfatterinfo

**Annonser:**  
Einar Hegstad, tlf. 64 96 53 74  
E-post: [einar.hegstad@umb.no](mailto:einar.hegstad@umb.no)

**Abonnementpriser 2008:**  
Institusjon kr 598,-  
Privatpersoner kr 455,-  
Studenter kr 210,-

**Abonnement og enkeltheft bestilles hos:**  
Fagbokforlaget,  
Postboks 6050 Postterminalen, 5892 Bergen  
Telefon: 55 38 88 00  
Telefax: 55 38 88 01  
E-post: [abonnement@fagbokforlaget.no](mailto:abonnement@fagbokforlaget.no)  
E-post: [informasjon.fagbokforlaget@fagbokforlaget.no](mailto:informasjon.fagbokforlaget@fagbokforlaget.no)  
Enkeltheft kr 135,-

**Produksjon:**  
Sats: Laboremus Sandefjord AS  
Grafisk produksjon: John Grieg AS, Bergen  
Opplag: 3.100  
© Fagbokforlaget 2009

### The Boundary

Tema for dette nummeret av Kart og Plan er grenser. Dette var tema for seminaret *The Boundary* som vart arrangert 29.–30. april 2009 på Høgskolen i Bergen (HIB) av Høgskolen, den europeiske landmålarorganisasjonen CLGE, og NJKF. Seminaret samla rundt 110 deltakarar frå 14 europeiske land, av desse om lag 45 studentar ved Høgskolen i Bergen. Seminaret fokuserte på betydningen av god eiendomsinformasjon, ulike modeller i Europa for merking, måling og registrering av eiendomsgrenser og juridiske verknader av dei ulike modellane. Seminaret vart vellukka både fagleg og sosialt og i det vakre veret som Bergen kan framvise på denne tida av året.

Vi har i Europa 2 ulike system for eiendomsgrenser – *fixed boundary* og *general boundary*. Det mest vanlege systemet er *fixed boundary* som kort fortalt medfører at grenser vert merka med fysiske grensemerke i marka som vert målt og kartfesta. I *general boundary* systemet som vi finn i England og Irland vert nye eiendomar oppretta ved registrering på kart utan at det er eit system med merking og måling av grensa i marka av landmålalarar. Partane vil når ein eigedom er etablert vanlegvis markere grensa med eit fysisk skilje som t.d. ein hekk eller eit gjerde. Dette fysiske skiljet definerer så eiendomsgrensa. Den irske landmålarforeininga har fremja forslag om å gå over til eit system med fysiske grensemerke tilsvarende som det er i resten av Europa og inklusive Noreg. Dette initiativet vert det gjort greie for i artikkel av Paddy Prendergast som underviser ved Dublin Institute of Technology. Bakgrunnen for initiativet er at talet på grensetvistar i Irland vert vurdert som uforholdsmessig høgt. I England er firmaet til David Powell leiande med omsyn til å handtere grensetvistar. Over ein 20 års periode har hans firma handtert over 4000 grensetvistar, av desse har rundt 100 hamna i rettsapparatet. Han argumenterer for at det engelske systemet med *general boundaries* har låge kostnader, og fungerer greitt for dei fleste grunneigarar, men avsluttar sin artikkel med nokre synspunkt om at det kan vere hensiktsmessig å innføre eit system med grensemerking også i England.

Eit særtrekk ved vårt norske system er det høge talet på eiendomstvistar i domstolane, dvs. jordskifte-domstolen og det ordinære rettsapparatet. Jordskifte-domstolen avgjorde i 2008 1358 rettsvistar. Dette talet omfattar tvistar om både eiendomsgrenser og rettar. Til samanlikning handterer landinspektørane i Danmark årleg rundt 50 grensetvistar. Rundt 10 % av desse vert klaga vidare til rettsapparatet, noko som betyr 5 grensetvistar i domstolen årleg i vårt naboland i sør. Legg vi til grunn jordskifte-domstolen sin statistikk over tid finn vi at talet på eiendomstvistar i Noreg i tillegg til å vere høgt også ser ut til å vere stigande. Det bør vere grunn til sjå nærare på denne utviklinga og drøfte om ikkje det ikkje bør vere mogleg å førebyggje fleire av desse tvistane. For nokon grunneigarar så kan vel ein grensetvist vere ei triviell sak, men for dei fleste som vert involvert i slike saker vil dette vere ei belastning som ein helst burde vore forutan.

Leiv Bjarte Mjøs

### HOVEDTEMA

3-2009 Geomatikk – Geodatalov  
4-2009 Jordskifteverket 150 år

### Manusfrist Utsending

15.06.2009 September  
01.09.2009 Desember